

St.prp. nr. 19

(2008–2009)

Om endringar i statsbudsjettet for 2008 under Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 14. november 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

I denne proposisjonen blir det foreslått nokre endringar i løyvingane under Utanriksdepartementet sitt budsjett for 2008.

Innanfor programområde 02 Utanriksforvaltning blir det gjort framlegg om endringar under kap. 100 Utanriksdepartementet, kap. 103 Regjeringas fellesløyving for representasjon, kap. 104 Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet og kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar.

På budsjettet for ODA-godkjend utviklingshjelp under programområde 03 blir det gjort framlegg om omfordeling av 29,2 mill. kroner. Det blir og gjort framlegg om ein reduksjon av bistandsramma med 21, 5 mill. kroner som følgje av at overslaget over utgifter til flyktningar i Noreg som er godkjend som offisiell utviklingshjelp blir redusert.

Programområde 02 Utanriksforvaltning

Kap. 100 Utanriksdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

I samband med handsaminga av St. prp. nr. 59 (2007-2008) vart det løyvd 3 mill. kroner for å styrke norske utanriksstasjonar med spesialutsendingar som skal arbeide med tiltak for å hindre men-

neskesmugling, verifisere opplysingar i opphavsland og legge til rette for uttransportering av personar utan lovleg opphald. Løyvinga vart gjort på kap. 690 på Arbeids- og inkluderingsdepartementet sitt budsjett. Av denne løyvinga gjeld 2,7 mill. kroner utgifter relatert til Utanriksdepartementet og det vert difor gjort framlegg om å auke løyvinga under kap. 100, post 01 med 2,7 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon under kap. 690, post 01.

Kap. 103 Regjeringas fellesløyving for representasjon

Post 01 Driftsutgifter

Av løyvinga under kap. 103, post 01 er 3,1 mill. kroner øyremarka husleigeutgifter i Regjeringas representasjonsanlegg i Riddervoldsgt. 2. Anlegget var planlagt ferdigstilt i august, men pga. forseinka framdrift i byggearbeida vil anlegget ikkje bli teke i bruk før nærare årsskiftet. Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 2 mill. kroner.

Kap. 104 Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet

Post 01 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 3,5 mill. kroner. Utgifter til kongefamilien sine rei-

ser til utlandet resten av året vil bli dekket innadfor den nedjusterte ramma.

Kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar

Ein samla gjennomgang av pliktige tilskot til internasjonale organisasjonar viser meir- og mindreforbruk under enkelte organisasjonar. Til saman er det eit netto meirforbruk på om lag 8 mill. kroner under posten. Dette har i hovudsak samanheng med meirutgifter til FN sine fredsoperasjonar og mindreutgifter til FN sitt regulære budsjett, EFTA og EFTA-organ og Nordisk Ministerråd. Det blir gjort framlegg om ein auke på 8 mill. kroner.

Post 72 EØS-finansieringsordninga, kan overførast

Budsjettanslaga under kap. 116, postane 72 og 73 EØS-ordningane har sidan starten i 2004 teke utgangspunkt i forventade prosjekt under ordningane og seinare i dei godkjende prosjektbudsjetta. Det har likevel vist seg at det er forseinkingar i prosjektgjennomføring og innsending av betalingskrav, noko som er mottakarlanda sitt ansvar. Utbetalingane under EØS-finansieringsordningane blir gjort på grunnlag av legitimerede, påløpte kostnader. Då utbetalingane skjer i etterkant, er utbetalingstakta avhengig av prosjektframdrifta i mottakarlanda og av at refusjonskrav blir sende inn. Nemnde forseinkingar får difor konsekvensar for forbruk og løyvingar.

Sjølvsagt om dei forskjellige aktørane etter kvart får erfaring i vurdering av prosjektframdrift, utbetalingstakt mv., er det framleis særskilt vanskeleg å skaffe fram nøyaktige utbetalingsanslag. Men det blir gjort grundige analyser av prosjektframdrifta i mottakarlanda og Financial Mechanism Office i Brussel har intensivert dialogen med mottakarlanda for å syte for at refusjonskrav blir innsende. Utanriksdepartementet følgjer utviklinga nøye.

På grunnlag av analyser og dialog med dei største mottakarlanda tilseier dei siste utbetalingsprognosene frå Financial Mechanism Office i Brussel mindreutgifter i 2008. Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 31 mill. kroner.

Post 73 Den norske finansieringsordninga, kan overførast

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 120 mill. kroner, jf. omtale under kap. 116, post 72 ovanfor.

Programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp ODA-godkjend utviklingshjelp

Kap. 140 Utanriksdepartementet sin administrasjon av utviklingshjelpa

Post 01 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om ein netto reduksjon på 2,384 mill. kroner som i hovudsak har samanheng med mindrebehov på 4,5 mill. kroner knytte til driftsutgiftene til Regjeringas skogprosjekt administrert av Miljøverndepartementet, jf. St. prp. nr. 59, Innst. S. nr. 270 (2007-2008). Mindreutgiftene til drift i 2008 er foreslått lagt til skogtiltak under kap. 166, post 72, jf. omtale nedanfor.

Kap. 141 Direktoratet for utviklingshjelp (Norad)

Post 01 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om ein auke på 1,3 mill. kroner i samband med det sentrale lønsoppgjeret.

Kap. 160 Sivilt samfunn og demokratiutvikling

Post 01 Driftsutgifter

Framdrifta i byggeprosjektet knytte til etableringa av eit informasjonssenter for utviklingssamarbeid på Vestbanen er forseinka. Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 2,5 mill. kroner.

Kap. 161 Næringsutvikling

Post 70 Næringsutvikling, kan overførast

Grunna planlagt avvikling av blanda kredittar blir det gjort framlegg om ein reduksjon på 15 mill. kroner.

Kap. 163 Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar

Post 70 Naturkatastrofar, kan overførast

Det er eit meirbehov for naudhjelp til dei tørkeramma i landa på Afrikas horn.

Det blir gjort framlegg om ein auke på 7 mill. kroner.

Post 71 Humanitær hjelp og menneskerettar, kan overførast

Det er meirbehov knytte til matvarehjelp til Zimbabwe, oppfølginga av klaseammunisjonskonvensjonen og akutte humanitære behov som følgje av eskaleringa av krigshandlingar både på Sri Lanka

og i Aust-Kongo. Det blir gjort framlegg om ein auke på 16,366 mill. kroner.

Kap. 166 Tilskot til ymse tiltak

Post 70 Ymse tilskot, kan overførast

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 2,116 mill. kroner.

Post 72 Internasjonale miljøprosessar og berekraftig utvikling, kan overførast

Det blir gjort framlegg om ein auke på 4,5 mill. kroner til oppfølging av Regjeringas klima- og skogsatsing.

Kap. 167 Flyktningtiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp (ODA)

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Enkelte opphaldsutgifter det første året til flyktningar i Noreg er godkjend som offisiell utviklingshjelp og kan bli dekkja under kap. 167 Flyktningtiltak i Noreg, post 21 Spesielle driftsutgifter. Dette gjeld mellom anna reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, utgifter til integreringstilskot for overføringsflyktningar, utgifter til opplæring av barn i mottak og andre opplæringsformål, sjå tabellen. Overslaget over utgifter til flyktningar i Noreg som er godkjend som offisiell utviklingshjelp blir redusert med 21,5 mill. kroner.

Formål	Endring (mill. kr)
<i>Arbeids- og inkluderingsdepartementet</i>	
Kap. 3651, post 02	-4,165
<i>Kunnskapsdepartementet</i>	
Kap 3225, post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	-18,513
<i>Barne- og likestillingsdepartementet</i>	
Kap. 3854, post 04 Barne- og ungdomsvern	1,161
Sum	-21,517

Det blir i tillegg gjort framlegg om ein auke på 34 000 kroner grunna avrundingsfeil i samband med behandling av Revidert nasjonalbudsjett. Samla blir det gjort framlegg om å redusere løyvinga med 21,483 mill. kroner.

Kap. 170 FN-organisasjonar m.m.

Post 78 Bidrag andre FN-organisasjonar mv., kan overførast

Det er eit mindrebehov for tilskot til årleg bidrag til FN sitt regulære budsjett og Noregs regulære bidrag til Verdas helseorganisasjon. Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på 7,2 mill. kroner.

Utanriksdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2008 under Utanriksdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2008 under Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2008 under Utanriksdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
100		Utanriksdepartementet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 1 511 863 000 til kr 1 514 563 000	2 700 000
103		Regjeringas fellesløyving for representasjon	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 17 522 000 til kr 15 522 000	2 000 000
104		Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 9 232 000 til kr 5 732 000	3 500 000
116		Deltaking i internasjonale organisasjonar	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir auka med frå kr 1 063 281 000 til kr 1 071 281 000	8 000 000
	72	EØS-finansieringsordninga, <i>kan overførast</i> blir redusert med frå kr 500 000 000 til kr 469 000 000	31 000 000
	73	Den norske finansieringsordninga, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 650 000 000 til kr 530 000 000	120 000 000
140		Utanriksdepartementet sin administrasjon av utviklingshjelpa	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 893 322 000 til kr 890 938 000	2 384 000
141		Direktoratet for utviklingshjelp (Norad)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 171 920 000 til kr 173 220 000	1 300 000
160		Sivilt samfunn og demokratiutvikling	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 33 500 000 til kr 31 000 000	2 500 000
161		Næringsutvikling	
	70	Næringsutvikling, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 277 500 000 til kr 262 500 000	15 000 000
163		Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar	
	70	Naturkatastrofar, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 335 000 000 til kr 342 000 000	7 000 000
	71	Humanitær hjelp og menneskerettar, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 2 175 534 000 til kr 2 191 900 000	16 366 000
166		Tilskot til ymse tiltak,	
	70	Ymse tiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 2 116 000 til kr 0	2 116 000
	72	Internasjonale miljøprosessar og berekraftig utvikling, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 461 000 000 til kr 465 500 000	4 500 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
167		Flyktningtiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir redusert med frå kr 827 476 000 til kr 805 993 000	21 483 000
170		FN organisasjonar mv.	
	78	Bidrag andre FN organisasjonar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 168 220 000 til kr 161 020 000	7 200 000



Tryk A/S O. Fredr. Anesen, November 2008

241-01